

**Denne artikkelen kan kopieres fritt og viderefremidles til andre.**

**En forutsetning er at navn på utgiver (Strinda historielag), årbokas årstall og forfatter(e) oppgis.**

**Det må ikke foretas endringer i artiklene.**

**Det er ikke tillatt å skanne eller kopiere bilder i bøkene for bruk i andre sammenhenger.**

## Strinda kyrkje 100 år\*

Av Ole Øverland Gjerde

### Fram til 1900

I året 997 kom Olav Trygvason siglande inn over fjorden. Målet var m. a. å fremja kristentrua. Han braut ned og brende hovet på Lade.

Dette vekte stor harme. Herpil vart send, og Olav laut fara. Men Olav kom att. Året etter heldt han eit stort gjestebod på Lade. Der gav han hovdingane valet mellom å ta den kristne dåpen eller å verta ofra i det komande midtsumarsblotet på Mære. Så vart det for fyrste gong forretta dåp på Strinda. Det må ha vore i juni 998.

I fyrste omgangen fanst det rimelegvis inga kyrkje på Strinda. Gudstenester vart kanskje haldne i friluft. Historikarar har grunda på om Korsvika var ein slik preikeplass.

På Nidarneset bygde Olav Trygvason Klemens-kyrkja. Her samlast folk både frå neset og frå området rundt ikring. Det er nok ein av grunnane til at kristenmotstanden på Strinda ikkje vart så sterk som ein kunne ha venta.

I 1024 gjorde Mostrtinget vedtak om at kristendomen skulle vera folkereligionen i alle fylke i landet. Det skulle byggjast ei kyrkje i kvart fylke. Strinda-fylket fekk så si kyrkje i denne tida. Ho vart bygd på Lade ikring 1050.

For mange var kyrkjevegen lang. For til Strinda-fylket høyrde i tillegg til Strinda Malvik, Frosta, Åsen og hovudsoknet i Leksvika. I tida fram til 1250 kom det til nye sokn og nye kyrkjer. Det var i alle fall Bratsberg, Malvik og Mostadmarka. Men fylkeskyrkja var overordna.

I 1891 vart Malvik eige herad og eige lensmannsdistrikt. Seks år seinare vart det frådelt som eige soknekall. Når så skjedde med Frosta, Åsen og Leksvika, veit eg ikkje.

I slutten av mellomalderen vart Strinda gjort til "et geistlig underbruk" (prof. Ludvig Daae). Det vart lagt til Nidaros bispestol som ein del av erkebispens inntekt. Dermed var bispen sokneprest, og ein visepastor stod for tenestene. Denne ordninga kom til å vara i 400 år.

Etter at bybrua vart flytt frå Vollan til Øvre Bakklandet, tok det til å veksa fram ein liten forstad ikring vegane til

---

\*. Foredrag halde i Strinda historielag 28. november 2000. O. A. Gjerde er fødd i Ryfylke i 1926. Han var res.kap. i Nidaros Domkirke 1977 - 87, og sokneprest og prost i Strinda 1987 - 1992.



Kyrkja og Strinda-bygda i 1907. Til høgre er Åsvang skule (frå 1881) nærast og Amtskulen (frå 1902) bak. Til venstre er samlingslokalet Veiskillet (frå 1896) og Voll gard (Statens forsøksgard i jordbruk frå 1911). Mannen med stokken er Anders Lassen, eigaren av Angelltrøa 1903 - 1942 , og mannen lengst til høgre er Arnt Grendahl, eigaren av Dragvoll 1881 - 1917.

Prospektkort utgjeve av A. Røske

brua. Folk flytte ut frå byen og slo seg ned på Strindas grunn. Bygda nådde fram til elva på den tida. Det kom til strid om folket på Strinda-sida skulle høyra byen eller bygda til. Resolusjon ved visestathaldaren Vibe i 1708 slo fast: Både kyrkjeleg og borgarleg skulle Bakklandet liggja under Strinda. Så gjekk bispenn inn for at det skulle byggjast ei kyrkje på Bakklandet. Det var i 1713. Året etter gjekk kongen med på det. Samstundes var Bakklandet "in civilibus" lagt inn under Trondheim bys jurisdiksjon. Såleis vart Bakklandet delt - politisk låg det under byen, kyrkjeleg under Strinda.

Det var situasjonen fram til 1846. Då gjekk Bakklandet over til å vera eige soknekall. Og dermed vart bakklandiane byfolk også kyrkjeleg sett. Dei var då 400 i talet.

No gjekk òg visepastoratet mot si ende-lykt. I samsvar med ein kongeleg resolusjon i 1851 skulle Strinda ha sokneprest og kapellan. Nyordninga trødde i kraft 1. januar 1852.

Me har sett at Malvik vart eige herad i 1891 og eige soknekall i 1897. På denne tida gjekk meir av Strinda tapt til byen. Det kom til ny og stor grenseregulering



Lade kyrkje i 1906  
 Prospektkort utgjeve av A/S Peter Alstrups kunstforlag,  
 Kristiania

i 1892. Då miste Strinda Rosenborg, Voldsminne, Rønningsletta, Singsaker, Vollabakken, Valan og Øya.

Dermed hadde Strinda fått dei grensene som det kom til å ha til ei tid etter krigen. Kva var det så som hørde Strinda prestegjeld til i denne tidsbolken? Med

moderne nemningar var det: Lade, Lademoen, Ranheim, Charlottenlund, Strinda, Berg, Hoegga, Tempe, Byåsen, Sverresborg. Prestegjeldet gjekk m.a.o. så godt som frå fjord til fjord. Det var eit stort område, og det var eit område med aukande folketal.


## Grenseendringar

Men om Strinda prestegjeld kom til å ha så nokolunde uendra grenser i dei neste 60-65 åra, så var ikkje dette ein tidsbolk med stillstand. Eg vil i så måte peika på tre realitetar:

1) Det store prestegjeldet vart inndelt i tre sokn: Det var Byåsen (med Selsbakk), som vart oppretta så tidleg som i 1910. Det var Bratsberg med sine 1000 menneske. Og det var Lade sokn, som omfatta resten. Her budde det i 1955 23.000 menneske.

2) Det vart oppretta nye prestestillingar.

3) Og det vart bygt nye kyrkjer. Eg tenkjer då fyrst og fremst på Ranheim kyrkje. Ho vart bygd som trekyrkje og vigsla av biskop Skaar i 1898. Brann kom på, og ny stein/mur-kyrkje vart vigsla av biskop Støren i 1933.



Ranheim kyrkje, vigsla 1898. Denne kyrkja brann 25. januar 1932 etter eit lynnedslag.

Utviklinga førte rimelegvis med seg eit ynske om deling av det utruleg store prestegjeldet.

Fyrst vart Byåsen med Sverresborg utskild. Det skjedde i 1960. Året etter kom det til ny deling. Og me får Lade og Strinda prestegjeld. Dermed har me gjort oss ferdige med Byåsen og Lade, og kan sjå lite grann på det som hende med Strinda.

1) I 1976 vart Tempe og Valene utskilde frå Strinda og gjorde til eige prestegjeld. Det nye prestegjeldet skulle bera namnet Tempe og Hoeggen prestegjeld.

2) Same året vart det fastsett ved kongeleg resolusjon at Berg-området skulle overførast til Vår Frue.

3) Hopehavet mellom Tempe og Hoegga kom ikkje til å vara lenge etter som Hoegga vart eige prestegjeld i 1977.

4) Etter 15 års hopehav mellom Berg og Vår Frue kom det til grenseregulering. Berg vende tilbake til Strinda.

I 1964 gjekk Strinda inn i Trondheim kommune - vart ein del av byen. Dette førte med seg ei viktig kyrkjeleg endring. Strinda prosti vart nedlagt - områ-

det gjort til del av Nidaros domprosti. Dette skjedde i 1965 då Arne Skjånes gjekk av frå sokneprest- og prosteembetet på Strinda. Men prostiet på Strinda var liv laga. 21 år etter - i 1986 - vart domprostiet delt. Me fekk då det reduserte Nidaros domprosti i midten, Heimdal prosti i sør-vest og Strinda prosti i nord-aust.

Folketalet på Strinda auka etter kvart som 1800-talet skreid fram. Dermed melde spørsmålet om ny hovudkyrkje seg med stor styrke. På Byåsen løyste

dei kyrkjespørsmålet utan altfor langdryge forhandlingar og utan stor strid. Kyrkja der vart vigsla i 1857. Høgare kom bylgjene til å gå på austsida av elva, på Strinda.

## Ny kyrkje på Strinda

Alt i 1840 vart det lagt fram eit forslag om nytt kyrkjebygg. Etter det kom saka til å kvila i 15 år. Då, i 1855, sette heradstyret ned ei nemnd som skulle uttala seg om kyrkjespørsmålet. Året etter la denne nemnda fram si innstilling. Den gjekk ut på at det skulle byggjast ei ny

### Instruks for kirketjenerne i kirkene i Lade sogn

1) Kirkevergen er hans nærmeste foresatte. Enhver ordre fra denne skal punktlig efterkommes.

2) Kirketjeneren har å utføre den fornødne ringing ved gudstjenester, høitidsringing og ellers når det ved særskilte anledninger forlanges. Han har også å forrette som belgetreder.

3) Han har å besørge ilegging av ovnene i den tid av året da dette er nødvendig. Ileggingen må ske så tidlig om morgenen, om nødvendig lørdag ettermiddag, at kirkene er tilstrekkelig opvarmet (12 - 14 gr. C) ved gudstjenestens begyndelse.

4) Han holder kirken (kirkestuen og kirkestallen) innvendig ren efter almindelig gjeldende regler. I kirken utføres hovedrengjøring 2 ganger om året. Han vasker kirkens klær og pudser dens inventar, - som lysekroner altersett o.s.v. Såpe og redskaper anskaffes av kirkevergen.

5) Han tilpliktet å utføre det omkring kirken og på kirkegården fornødne renhold, så som

skyfling av de grusede ganger, fjernelse av overflødig jord ved gravene og sneskuffing om vinteren.

6) Mindre håndverksmessige reparasjoner har han å utføre uten særskilt godtgjørelse.

7) Han har å utføre graving etter ordre fra kirkevergen og etter de takster og regler som vedtaks av kirketilsynet.

8) Han har å holde likvognen ren og i orden og føre tilsyn med dens utleie og bruk.

9) Han har opsyn med kirkegården og har å påse at dens regler blir overholdt. Overtrædelse anmeldes til kirkevergen.

10) Han er tilpliktet, som også berettiget til å utføre opsætning og vedlikehold av graver efter bestilling mot betaling som godkjendes av menighetsrådet.

Vedtatt i møte av Lade kirketilsyn 9. august 1920.

T. Castberg



Strinda (Moholt) kyrkje rundt 1910.

Prospektkort utgjeve av fotograf Chr. Kjelland

Prisen for stakittgjerdet var 5 kr. pr. fag. Det vart laga av Bygningsforretning Erik A. Selnes. Ein større port kosta 90 kr. og ein mindre 45 kr. Selnes utførte òg paneling og innreiing av stallbygninga for 935.65 kr.

kyrkje for Lade sokn. Ho skulle liggja på den nye kyrkjegarden på Lademoen og bera namnet "Lade kirke". Men ikkje alle var nøgde med dette. Året etter kom det eit nytt forslag. Her var det to alternativ å velja imellom: anten å utvida den gamle Lade-kyrkja eller å byggja ei ny kyrkje nær Granåsen. Men saka vart utsett. Ein venta nemleg ny grenseregulering og innleming av visse område i byen.


Det vart no ro om saka i nokre år. Men folket var interessert i spørsmålet, og frå tid til tid kom folkemeininga fram i avisteigane. Ein var alt anna enn glade

for situasjonen som han var. Lade-kyrkja var for lita. Og i 1890 heiter det at Lade-kyrkja er alt anna enn eit tiltalende gudshus, så ingen kan undrast over at kyrkjesøkinga er i sterk tilbakegang.

Ein komite hadde eksistert i mange år. Men i 1891 la komiteen fram si innstilling. Den var todelt:

1) Det skal byggjast ny kyrkje med 800 sitjeplassar ved Ormhaugen mellom Reitgjerdet og Angelltrøa.

2) Gamle Lade-kyrkja skal vedlikehaldast og ha ei gudsteneste i månaden.



Utsyn frå kyrkjetàrnet nedover Brøsetvegen rundt 1903. Til høgre er Kirkstua og stallbygninga. Kirkstua var bustad for kyrkjetenaren. Til venstre er Amtsskulen frå 1902. Garden bak Kirkstua er Reitgjerdet. Bak denne garden ser me Brøset gard. Brøset brann i 1931, og nye bygningar vart reiste ved Reitgjerdet sjukehus.  
Bilde utlånt av Peder Mo

Etter dette kom det til hard strid (1894). Oppstrindingar stod mot nedstrindingar. Oppstrindingane samlast stort sett om hovudkyrkja på Ormhaugen. Nedstrindingane ville verja Lade og ha eit kapell på Ranheim. Ein kompliserande faktor i striden var at Lade kyrkje hadde 20-30.000 kr. i kapital. Skulle det byggjast på Ranheim, meinte oppstrindingane at dei der ikkje hadde nokon rett til desse pengane. Dei måtte gå til hovudkyrkja.

Etter ein del att og fram gjorde ”soknestyret” (= heradstyret) vedtak om at det skulle reisast ny hovudkyrkje på ein

sentral stad. 10.000 kr. av pengane på Lade skulle gå til kapell på Ranheim, 3000 kr. til restaurering av Lade-kyrkja og resten til den nye hovudkyrkja.

Men kvar var den sentrale staden for nytt kyrkjebygg? Heradstyret vurderte det stroket som kunne koma på tale og gjorde endeleg vedtak om å kjøpa tomt på vestre Moholt. Eigaren, Lars Sæther, kravde 150 kr. pr. mål. Tomta var på 140 mål. Av dei skulle 116,5 mål gå til kyrkje og kyrkjegard og 23,5 mål til kyrkjestove og kyrkjestall. Arkitektar var Solberg og Christensen. Kongeleg reso-



lusjon om bygging vart utferda i desember same året. Kyrkja skulle vera av tre og ha sitjeplassar til 500 menneske. Lade skulle gå over til å vera kapell.

Alt i 1895 hadde byggjekomiteen det fyrste møtet sitt. Snikkaren O. A. Henriksen baud seg til å byggja kyrkja for 27.500 kr. Så kom det eit tillegg for altar, døypefont og kolkjellar. Summen vart difor 33.500 kr\*.

Utpå hausten i året 1900 var kyrkja reist. Den 18. oktober var det stor høgtid med kyrkjevigslе. Biskop den gongen var Johannes Skaar. Etter vedtak i heradstyret fekk kyrkja namnet Strindens hovedkirke.

Merkeleg nok føregjekk vigsla på ein kvardag. Den 18.oktober var i 1900 ein torsdag. Trondhjems Adresseavis hadde den dagen eit innlegg om den nye kyrkja. Avisa klagar over at det er skikkeleg blautt og fælt ikring kyrkja, og langt ligg ho borte frå hovudvegen - Været på vigslingsdagen var strålende! Elles er tonen i innlegget positiv og konklusjonen velviljug: "Moholt kirke er imidlertid en meget vakker kirke".

Om dette siste har det nok vore litt ulike meiningar. I mars 1945 sto det eit inn-

legg i "Menighetsblad for Strinda". Nokre av merknadene her er rett kritiske:

"Hverken i stil eller innredning er Moholt kirke synderlig vellykket, og dens nåværende sort-brune farge har alltid vært menigheten en torn i øyet. Slik den er bygget, er det utelukket at den kan overleve svært mange generasjoner, og det er også små muligheter i retning av å forbedre dens indre ved utsmykning. - Det er derfor forståelig når det fra flere hold er kommet forespørsel om man ikke burde gå til det skritt at man rev den nåværende Moholt kirke ned og bygget en vakrere, intimere og mer velegnet menighetskirke opp igjen".

Ein biskop som hadde visitas på Strinda ei tid før dette innlegget vart skrive, hadde nok eit anna syn på den saka. Han sa om kyrkja at ho var "en hvit svane som svømte i et grønt hav der oppe på Strinda".

Biletet med den kvite svana vart no øydelagt for ei tid. Den kvite fargen vart utskift med svart-brunt. Det skjedde truleg kort tid før krigen. Han som føreslo riving av kyrkja, hadde nok rett på eitt punkt: den svart-brune fargen var ein torn i auga på mange. Då så kyrkja i 1949 skulle gjennomgå ein reparasjon og målast på nytt, var det ein del personar som bad om at det skulle haldast eit soknemøte til dryfting av fargespørsmålet. Møtet vart halde Kristi himmelfartsdag. Det var stor stemning både på møtet og ute i folket for å få att kvitfar-

---

\*. Prisen for orgelet var 4100 kr. Det vart levert av orgelbyggjar Adolf Fosnæs i Trondheim. Han hadde òg levert orgel til Lade og Ranheim kyrkjer.

gen. Det skjedde då òg, med det unnataket at kvitfargen vart litt broten med gult. Folket på Strinda var glade for dette skiftet.

Det var store restaureringsarbeid som vart føretekne i åra etter siste krigen. Så kunne dei då òg skriva i ”Strinda Menighetsblad ” i november 1960: “Strinda

**I Adresseavisen nr. 314, torsdag 18 oktober 1900, aften, sto dette referatet:**

**Indvielsen af Strindens Hovedkirke foregik som bestemt i dag under de vakreste Veirforhold og med megen Høitidelighed,**

Det var fremmødt en saadan Masse Mennesker, at Kirken, der har 800 Siddepladse, samt Galleri, var aldeles fyldt, så ogsaa en Mængde Mennesker maatte staa.

Stiftamtmanden var tilstede, ligesom Bygdens Herredstyre var mødt in corpore.

Indvielsen forrettedes af Biskopen bistaet av Provstiets 10 Præster. Høitideligheden begyndte med, at Præsteskabet under Orgelets Toner kom ind i Prossesion, bærende Kirkens Regalier og hellige Kar og gik op gennem Hovedgangen til Alteret. Efterat der i nogen Tid først var vekslet med Sang, Bøn og Messe samt skiftevis Oplæsning af Præsterne af Davids Salmer og andre Bibelsteder, besteg Biskopen og prædikede over førstkommende Søndags Evangelium, hvorefter han erklærede Kirken indviet.

Efterpaa holdtes saa Barnedaab og Afslutningsseremonier.

Kl. 3 skulde der være Grand Middag, sagdes der, hvortil Stiftamtmanden, Præsteskabet og en hel Del andre var indbudt.

**Moholt Kirke**

er denne Kirkes Navn. Den ligger noksaa synbart og dominerende, naar man først kommer paa Opstrinden. Men udenfor dette Strøg kan man ikke se stort til den.

Men blødt og fælt er det omkring den saa det forslaar, og langt borte fra Hovedveien ligger den ogsaa.

Moholt Kirke er imidlertid en meget vakker Kirke. Den er opført af Træ efter Tegninger og Planer af Solberg & Christensen. Bygmester Henriksen har udført Arbeidet. Den er forsynet med Glasmalerier fra Udlandet, og Træverket er i Træfarve med mange særdeles smukke Dekorationer i lys og mørk Afvejsling.

Videre er den rigt udstyret med Træskjærerarbeide. Især er Altertavlen og Prædikestolen nydelig i saa maade, idet her er anbragt bl. a. bibelske Figurer i særdeles fint Arbeide, der alt er leveret af Hr. Henriksen

Orgelet, der som før berettet er leveret af Hr. Orgelbygger Fosnæs, hersteds, er ogsaa overmaade smukt utstyret med vakkert Træskjærerarbeide. Ogsaa dets Toner lød bløde og behagelige, og man skal være særdeles vel fornøyet med det.

Kirken er som sagt i sin Helhed meget vakker, lys og venlig, og saavel de Herre som har udført Arbeidet, som Byggekomiteen med Hr. Droktor Sand som Formand, har megen Ære af det.

Hr. Sand skal ha vist megen Opofrelse ved Arbeidet. Derhos har han foræret Karene til Kirken. Disse og de andre Rekvesita er nemlig ogsaa nye. Sølvarbeidet er udført av Ciselør Henrik Møller.

Altsaa er den nu istand denne Strindens Hovedkirke, som der en Tid var saa megen Strid om. Men Veie maa der til for at skaffe bedre Adkomst til den.

hovedkirke presenterer seg ved 60-årsjubileet som en vakker kirke”. Men tidartanna held ikkje opp med å gjera sitt verk. Me som gjekk ut og inn i Strinda-kyrkja no på 90-talet, kunne slå fast at slitasjen var stor. Og i 1999 vart det sett i gong store restaureringsarbeid.

Taklekkasjen er tetta. Råtne bjelkar og ornamentikk på takutspring er utskifte. Veggen med det store mosaikkvindauga ut mot kyrkjegarden er restaurert. Og inne er ein god del arbeid gjort.

## Kyrkjeskipping og englar

Om utstyret i kyrkja vil eg berre nemna to ting: kyrkjeskippet og englane på altartavla.

Skikken med skip i kyrkjer er gamal. Han er utbreidd i alle sjøfarande land, mest i dei nordlege. Eit slikt skip finst på

Sjøfartsmuseet i Rotterdam. Det kjem frå Spania og går tilbake til året 1435. Så godt som alle desse skipa er modellar av seglskip med eller utan segl. Til vanleg er det eitt slikt skip i ei kyrkje. Men stundom støyter ein på fleire. I Sønderho kirke på Fanø i Danmark finst det såleis ikkje mindre enn tolv. Kva slags motiv ligg bak? Det kan vera mange. M.a. vitnar skipa om at livet er ein seilas, og dei gjev von om å nå målet.

Kyrkjeskipping var det ikkje i Strinda-kyrkja frå fyrst av. Men på slutten av 50-talet hadde tanken vakna i prestegjeldet. I 1958 føretok ”Strinda Menighetsblad” ei rundspørjing. Det viste seg at interessa var stor. Det vart arbeidd med saka, og på eit soknemøte i 1964 føreslo Ragnvald Bjerkan at det skulle setjast i gong ei fem-kroners-rulling til føremålet. Det gjekk møtet samrøysta inn for. Ein vis-

### Regler for Kirkeværgen ved Strindens Kirker.

#### Kirkeværgen

1. har at føre den i § 47 i Lov af 3/8 97 om Kirker og Kirkegaarde paabudte Fortegnelser over Gravene;

2. at modtage de i samme Lovs § 38 paabudte Dødsanmeldelser samt paase, at Gravningen foretages efter den paa Kortet over Kirkegaarden bestemte Orden;

3. at indkræve Betalingen saavel for bygslede Gravsteder som for Gravningen af hver Grav, for Fremmedes Benyttelse af Kirke og Kirkegaard og for Kirkens Benyttelse ved Begravelser;

4. at besørge Indkjøb av det nødvendige til kirkeligt Brug, til Kirke og Kirkegaard;

5. forøvrigt at besørge alle Ind- og Udbetalinger og derover føre nøiagtigt Regnskab;

6. at føre særskilt Fortegnelse over Kirkens Formue og visse Indtægter; om saadanne haves, samt over dens Prydelser og Tilbehør, og

7. aarlig at fremkomme med Afskrift af Regnskabet for Kirke og Kirkegaard i revidert og decideret stand.

Vedtaget i Strindens Herredsstyrelse i Møde den 26de Juli 1898

A. Sand, Ordfører

ste at eit slikt skip ville kosta 750 kr. Kronerullinga gjekk sin gang. Målet vart nått, og skipet kom på plass. Det ber namnet Neptun.\*

Ei anna sak er spørsmålet om englane på altartavla. Altartavla har to søyler, ei på venstre og ei på høgre sida. Øvst på kvar søyle var det i si tid ein engel. Desse to englane vart stolne. Det tjuveriet kunne Ivar Tørring, soknepresten på Strinda frå 1973 - 87, til ein viss grad tidfesta. Han gjekk igjennom ei rad med bilete som var tekne etter dåp. Det viste seg at på dei fyrste bileta var englane med, på dei siste ikkje. Englane kom aldri til svars. Og ein har fått laga to enkle, runde kuler i staden.

## Tvil om namnet

Om namnet på kyrkja har det gått ein del bylgjer. Som alt nemnt gjorde heradstyret på Strinda vedtak om at namnet skulle vera Strindens hovedkirke. Det vart altså fastlagt som det offisielle namnet. Men i talemålet har òg Moholt kirke, eller Moholt-kirka, vore levande nemningar. Han som ville riva kyrkja og byggja ei ny, talte om Moholt kirke. Og går me tilbake til det referatet/innlegget som Trondhjems Adresseavis hadde i samband med vigslinga for 100 år sidan, legg me merke til at der ord om anna står: "Moholt kirke er denne kirkes navn".

Frå tid til tid har det likevel rådt tvil om namnet. I eit usignert innlegg i "Strinda menighetsblad" i mars 1964 står det : "Det riktige navnet er Strinda hovedkirke, fastsatt ved kommunestyrets vedtak før vigslingen i året 1900!! Det heter Moholt kirkegård men Strinda hovedkirke."

Men spørsmålet melde seg endå ein gong. Det var i 1996-1997. Då hadde "Adresseavisen" eit par innlegg om saka, soknerådet på Strinda var engasjert, der var innlegg i "Strinda Menighetsblad", og spørsmålet vart dryft på møte i Strinda historielag. Etter dette sette prestekontoret seg i sving. Der fekk dei på bordet ein kongeleg resolusjon av 4. juli 1958. I den står det : "Fra 1. juli 1958 skal navnet på Lade sokn i Strinda prestegjeld i Nidaros bispedømme endres til Strinda. - Soknekirken som ligger på Moholt og har vært benevnt Moholt kirke, blir etter endringen av soknenavnet å benevne Strinda kirke"

Dette foredraget byggjer i hovudsak på:

- 1) Johan B. Rians arbeid "Kirke og folk" i Strinda bygdebok II (1947).
- 2) Innlegg i Strinda menighetsblad, no Kirken og Vi.

---

\*. Kyrkjeskipet er laga av Arnt Schei frå Leka.

Sverre Lilleeng har skrive ein artikkel “Strinda kirke 100 år” i jubileumsnummeret av Kirken og Vi (nr. 4, september 2000, 11 sider).

I “.. og bygda ble by. Strindas historie 1945 - 63” av Peter Sjøholt (1971), har Arne Skjånes skrive artikkelen “Kirken og det religiøse liv i Strinda.. Fra okkupasjon til kommunesammenslåing”.

### Sokneprestar i Strinda kyrkje

Ole Berge	1888 - 1905	Arne Skjånes	1951 - 1965
Søren Hagerup Holck Swensen	1905 - 1910	Leiv Fosse	kst. 1966 - 1972
Tycho Castberg	kst. frå 1911	Ivar A. Tørring	1973 - 1987
	spr. 1918 - 1942	Ole Øverland Gjerde	1987 - 1992
Erik Svenke Solum	kst. 1942 - 1945	Magne J. Bergslid	1992 - 2000
Ole Winsnes	kst. 1945 - 1951	Tora Samset	frå 2001



Fotografert av Widerøes flyselskap 8. august 1952. Kopi frå Universitetsbiblioteket i Trondheim